

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 16/2004

Møtedato: 17.3.04

Arkiv nr:

ELGJAKT – NY ADMINISTRASJONSORDNING / KVOTE

Ny forskrift om administrasjon av jakt, fangst og fiske i statsallmenning er no vedteke. NFS arbeider med å lage standardkontrakt som kan tilpassast lokalt. Denne skal bli klar til kontraktskriving med jaktlaga.

To av jaktfelta går ut no og dei neste to går ut om to år. På siste møte drøfta vi kva vi skulle gjera med utleige av jakta. Ein var då innstilt på å lyse dei to ledige felta ut på to år utan vesentleg endringar og heller ta ein grundig gjennomgang når alle felta går ut på likt.

Fjellstyret behandla prisar på elgjakt i sak 17/03 og gjorde vedtak om at grunnprisen blir sett til kr 2800 og kiloprisen blir kr 55. Kalv under 50 kg, ungdyr under 100 kg og vaksne under 140 kg går for halv pris. Det kunne vore meir tenleg med ein prismatrise for å verdsetta avlsverdi på dyra. .

Tabellen tek utgangspunkt i 55 kr/kg for gjennomsnittsdycet for kvar gruppe. Ved oppgjør vil kg-prisen bli regulert med intervall på 1 kg.

Vaksen ukse			Vaksen ku			Ungdyr			Kalv		
Vekt	Kr/kg	Sum	Vekt	Kr/kg	Sum	Vekt	Kr/kg	Sum	Vekt	Kr/kg	Sum
130	48	6240	100	49	4900	100	47	4700	40	39	1560
140	49	6860	110	50	5500	110	51	5610	45	43	1935
150	50	7500	120	51	6120	120	55	6600	50	47	2350
160	51	8160	130	52	6760	130	59	7670	55	51	2805
170	52	8840	140	53	7420	140	63	8820	60	55	3300
180	53	9540	150	54	8100	150	67	10050	65	59	3835
190	54	10260	160	55	8800	160	71	11360	70	63	4410
200	55	11000	170	56	9520	170	75	12750	75	67	5025
210	56	11760	180	57	10260	180	79	14220	80	71	5680
220	57	12540	190	58	11020	190	83	15770	85	75	6375
230	58	13340	200	59	11800	200	87	17400	90	79	7110
240	59	14160	210	60	12600						
250	60	15000	220	61	13420						
260	61	15860	230	62	14260						
270	62	16740	240	63	15120						
280	63	17640	250	64	16000						

Vi har hatt ein kvote på 25 dyr i fleire år. Sist haust var det klart færre dyr og det vart berre felt 20 dyr. Nedgangen var markert over heile Valdres. Fjellstyret bør vurdere kva kvote vi bør søkje om i år.

VEDTAK:

Med bakgrunn i generell nedgang i elgstamma søker fjellstyret om ein kvote på 20 dyr.

Fjellstyret vedtek å lyse ut dei to ledige felta for to år. Vilråra for jakta blir uendra med unntak av at oppgjør for felt elg skal skje etter prismatrisen i saksutgreinga.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 18.3.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre jeger- og fiskarlag v/Svein Erik Ski